

SJU GODE TIPS

Korleis auke lesemotivasjonen
hos barn og unge



LESEKVART

SJU GODE TIPS

Det er lite tvil om at lesinga er under press og får auka konkurranse frå blant anna sosiale medium, speling og strøyming. Men leseevna til barn og unge speler framleis ei stor rolle for utdanninga og framtidsutsiktene deira, noko dei fleste veit godt. Skulen tek ansvaret for å lære barna å lese, men du som føresett har også eit ansvar for å stø barnet ditt eller ungdomen din til å verte ein dyktig lesar. Ved å ta i bruk lesekvart som metode legg skulen til rette for auka motivasjon og meir tid til å lese. Her får du som føresett sju gode tips som du kan ta i bruk heime for å stø opp om denne metoden.

1. LA BØKER OG BLAD VERE LETT TILGJENGELEGE

Er det eit godt utval av bøker og anna lesestoff, til dømes blad, heime hjå dykk — og står lesestoffet framme og er lett å få tak i? Om bøkene står for høgt, er gøymde bak skåpdører eller står i eit bortgøymt rom, utgjer det små barrierar som kan ha større innverknad enn du trur. Tenk på om bøkene er lette å få tak i, og om dei er plasserte i rommet der barnet/ungdomen er mest. Nokre gonger kan det hjelpe å leggje ein stabel med bøker eller blad framme på sofabordet, nattbordet eller til og med på toalettet. Når bøker står med framsida ut, har dei også større tiltrekkingskraft.

2. SNAKK MED BARNET/UNGDOMEN OM KVIFOR LESING ER VIKTIG

For større barn og ungdomar hjelper det å snakke heilt ope og konkret med dei om kva lesing eigenleg kan gjere for dei. Snakk til dømes med dei om at lesing kan hjelpe dei med å slappe av og falle til ro før dei skal sove (lystlesing er endå meir avslappande enn yoga!). Det gjev også meining for dei å kaste seg over bøkene om du gjer dei merksame på kor mykje lesing kan hjelpe dei i livet frametter, og at det til dømes kan gjere det lettare å klare seg på skulen og på arbeidsmarknaden.

3. INTERESSER DEG FOR LESINGA DEIRA

Ifølgje The National Literacy Trust, ein uavhengig, engelsk organisasjon som har som føremål å fremje og stø lesing, kan ein heilt opp til 16-årsalderen sjå at foreldra si interesse for lesinga til barna er den viktigaste enkeltindikatoren for korleis barna kjem til å klare seg på skulen. Så spør til dømes om kva barnet/ungdomen les for tida, og kva boka handlar om.

4. LÆR BARNET DITT Å SKILJE MELLOM SKULELESING OG LYSTLESING

Når eit barn byrjar på skulen, vert lesing raskt til eit arbeid. Det er stor skilnad på lesinga som går føre seg på skulen, og rein lystlesing. La skulen ta føringa på å lære barnet ditt å lese, og stø skulen i arbeidet ved å lytte til at barnet ditt les i skulebøkene. Men du bør i hovudsak konsentrere deg om å skape glede ved lesing. Sagt på ein annan måte: På skulen hjelper lærarane barnet ditt med å lære å lese. Heime hjelper du barnet ditt med å elske å lese. Det kan du mellom anna gjere ved å halde skulebøkene tydeleg skilde frå bøkene de har som lystlesing i heimen.

5. IKKJE PRESS BARNET DITT

Entusiasmen vår for lesing eller ønsket om at dei skal klare seg godt på skulen, kan føre til at vi legg for hardt press på barna/ungdomane. Det kan ha motsett verknad. Hugs at om barnet ditt avviser framlegga dine om å lese, har det som regel ein god grunn. Kan hende skjønar ikkje barnet kva boka handlar om. Kan hende er ikkje barnet interessert i det boka handlar om, eller kan henda ho eller han er på eit anna språkleg nivå enn det bøkene du føreslår, er på. Løysinga er ofte at du kjem interessene til barnet meir i møte i staden for å presse på. Ta barnet ditt med i bokhandelen eller på biblioteket, og la han eller henne velje bok sjølv.

6. SET HYGGELEGE RAMMER RUNDT LESINGA

Barn og unge les mest på skulen, sitjande på ein hard stol under skarpt lys og med mange potensielle uroelement rundt seg. Lesinga på skulen vert også ofte følgd opp av arbeidsoppgåver, som å skrive ein analyse eller ei bokmelding. Det fører gjerne til at mange barn og unge ikkje les frivillig, fordi dei knyter lesinga til arbeid. Som forelder kan du vere med på å leggje til rette for at det skal vere kjekt og avstressande å lese. Ei lesestund kan by på stemningsfull lyssetjing, ein kopp varm te, eit teppe og kan hende litt småknask. Det kan vere med på å løyse opp i den motstanden mot lesing som ofte kjem i skulealder.

7. LES SJØLV

Il familiar der dei vaksne også les, og der lesing vert sett på som ein viktig og verdfull aktivitet, er sjansane større for at barnet sjølv vert ein aktiv lesar. Du er den viktigaste rollemodellen. Trass i at det kan vere irriterande, gjer barnet ditt det du gjer, ikkje det du seier. Spør deg sjølv om barnet ditt ser deg drive med lystlesing, og om du tydeleg viser at du også bruker tid på noko anna enn å sitje framom skjermen. Hugs: Lesarar skaper lesarar.

OM LESEKVART+

Metoden Lesekvart+ er eit prosjekt som byrja våren 2024 på Lillehammer Bibliotek. Metoden byggjer på den danske rapporten Lyst til læsebånd / Lystlesing i læsebånd (Lund, 2020). Seinare er metoden testa ut på Smestad ungdomsskole med gode resultat.

Lesekvartmetoden handlar om at stillelesing vert forsterka av ulike leseaktivitetar og tilpassingar. Forsterka stillelesing er noko ei gruppe gjer saman, i motsetnad til å berre be elevane ta fram ei bok og lese individuelt.


Dei følgjande fire punkta har vist seg å vere avgjerande for ein god leskvart:

- Tid til å lese (litt kvar dag)
- Tilgang på bøker (som møter interessene til kvar enkelt)
- Lesefellesskapar (til dømes klassen eller familien)
- Lesande førebilete (som les «offentleg», snakkar om det dei les, og er nyfikne på bøkene til ungdomane)

Skulen vil, ved å følgje leskvartmetoden, setje av fast tid kvar dag til lesing. Dei vil også gje elevane tilgang til eit godt utval bøker. I tillegg til lesetid set skulen av tid til delingsaktivitetar der elevane får høve til å dele eigne leseopplevingar og verte inspirerte av leseopplevingane til medelevane. Slik får dei ta del i ein lesfellesskap på skulen. Lærarane vert oppmoda til å vere lesande førebilete.

Ved å følgje dei sju råda i dette heftet kan også du som føresett bidra til å stø opp om lesinga og ta del i lesfellesskapen til barnet eller ungdomen. Auka merksemd og større fellesskap gjer lesinga meir motiverande og meningsfull.

God lesing!



Brosjyren er laga av Lillehammer Bibliotek
biblioteket@lillehammer.kommune.no